



PRINSIPPROGRAM

Vedteke på landsmøtet i Stavanger
21. april 2018

Prinsippprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.

Innhold

1 Kva vi vil oppnå	2
2 Korleis vi arbeider	3
3 Prinsipp	4
3.1 Vern om naturmangfaldet	5
3.2 Stopp dei farlege klimaendringane	6
3.3 Berekraftig ressursbruk	7
4 Miljøvern i praksis	8
4.1 Primærnæringane	8
4.2 Energi	9
4.3 Transport	10
4.4 Industri	11
4.5 Forbruk, avfall og handel	12

1 Kva vi vil oppnå

Naturvernforbundet arbeider for eit samfunn som er godt å leve i for alle, og som kan bestå over tid. I eit slikt samfunn blir naturen forvalta på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø, og all menneskeleg aktivitet skjer i balanse med naturen og miljøet.

Livsformene i naturen er verdifulle i seg sjølv, samtidig som menneska er avhengige av dei. Å ta vare på rikdommen av livsformer og økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen. Vi menneske kan ikkje halde fram med å utrydde artar på jorda eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve.

Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å sikre ei økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og framtidige generasjonar sine behov. Det betyr at:

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- Fornybare ressursar må takast ut på ein slik måte at ressursane kan fornye seg.
- Ressursar som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemd.
- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen si bereevne.

Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode

liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det materielle forbruket sitt, og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst.

Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram med både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for å vere eit føregangsland i miljøvernarbeidet. Noreg må følgje opp sine internasjonale pliktar og ta ei rolle som førebilete for å bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.

2 Korleis vi arbeider

Demokratisk, landsdekkande og uavhengig

Naturvernforbundet er ein demokratisk, partipolitisk nøytral medlemsorganisasjon. For å stå imot og reversere den akselererande øydelegginga av miljøet treng vi at breie lag av folket blir engasjert. Folkeleg engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur og miljøgode og avgjerande for Naturvernforbundet sin styrke. Medlemmane avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Synspunkta blir utforma uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Naturvernforbundet skal jobbe for å få fleire aktive lokallag over heile landet, samtidig som aktiviteten i eksisterande lokal- og fylkeslag sikrast og fornyast. Det lokale nærværet og dei tillitsvalde gjev Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk gjennomslagskraft. Organisasjonen skal søkje å reflektere eit mangfald av folket og arbeide for god representasjon i kjønn, geografi, sosial bakgrunn og minoritetsbakgrunn blant både medlemmar, aktive og tillitsvalde. Miljøagentane og Natur og Ungdom skal vere barne- og ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet. Gjennom å oppretthalde og aktivt byggje nye samarbeid og alliansar med andre organisasjonar og initiativ skal Naturvernforbundet auke si gjennomslagskraft og oppslutnad og bidra til ein effektiv og rettferdig miljøpolitikk.

Kunnskapsbasert opinionsdanning

Naturvernforbundet treng tillit og oppslutnad for å få gjennomslag. Argumenta skal vere godt oppbygde, forstålege og fagleg solide. Frivillige organisasjonar har gjennom folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande verksemd, slik at ein lettare kan innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få folkevalde organ til å ta omsyn til naturen.

Saksorientert arbeid med konkrete resultat

Det er gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar og endrar haldningane hos folk flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva utfordringar vi står overfor i det globale miljøarbeidet.

Naturglede, naturkunnskap og naturbruk

Ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet er å arbeide for å styrke folk sin kontakt med naturen. Vi ynskjer at alle skal få glede seg over naturen i nærområdet sitt, vere stolte over denne og ynskje å ta vare på naturen både lokalt og globalt. Vi vil ta vare på det enkle og nære friluftslivet og arbeider for å styrke kunnskapen om naturen på alle plan. Vi ynskjer å styrke kunnskapen om korleis vi kan nytte naturen, og vil arbeide for å ta vare på og føre vidare tradisjonell naturbruk så langt det kan gjerast på økologisk forsvarleg vis.

Internasjonalt samarbeid

Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.

Naturvernforbundet skal samarbeide med miljørørsler i andre land. Samarbeidslanda har ofte store miljøutfordringar og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt samfunn. Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth International.

Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi engasjerer oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt arbeid både i Noreg og i arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

3 Prinsipp

At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk har høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar miljøet, og kan delta aktivt i politisk arbeid. Myndigheitene har ansvar for å følgje opp, kontrollere og innføre sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og miljølovgevinga. Både myndigheitene, næringsliv og folket har eit ansvar for å setje seg inn i og følgje felles reglar.

Naturvernforbundet meiner følgjande prinsipp må ligge til grunn for all samfunnsplanlegging:

- **Kunnskap:** Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis verksemda deira påverkar naturen. Alle handlingar må byggje på oppdatert vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap, der miljøkonsekvensane av handlinga blir vurdert i eit livsløypesperspektiv. Alle skal ha krav på informasjon om miljøkonsekvensar når det gjeld både enkeltprodukt og forbruksvarer, produksjon og politiske planar og vedtak.
- **Føre var-prinsippet:** Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at tiltaket ikkje blir gjennomført.
- **Samla påkjenning:** Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for, skal vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker.

- Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal dekke kostnadene ved tiltak som hindrar, avgrensar eller rettar opp skadane.
- Tenke globalt – handle lokalt: Det den einskilde gjer her i landet, må stå i høve til globale natur- og miljøinteresser og såleis kunne bidra til utvikling som kan kome alle verdas menneske og artar til gode – i dag og i framtida.

Greenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som blir oppfatta som rettferdige og rimelege av alle partar. Verdas fattigaste lir i dag under miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte grupper. Internasjonale avtalar må fremje rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka frihandel.

Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for miljøpolitikken i både Noreg og andre land. Naturvernforbundet meiner at Noreg skal ta særskilt ansvar for å ta vare på naturgrunlaget for samisk kultur.

Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og omsynet til natur og miljø må ligge til grunn i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte til det sivile samfunnet, inklusive miljørørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin internasjonale innsats. Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg utvikling. Miljømessige og sosiale krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemdar må òg gjelde for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare.

3.1 Vern om naturmangfaldet

Naturen er grunlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av naturen og tenestene den yter. Naturen har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den uerstattelige rikdomen av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs – for notid og framtid.

Tapet av naturmangfald må stansast. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltingsprinsippet for all natur, også den delen av naturen som gjennom historia har blitt påverka av menneskeleg aktivitet. Dette inneber å ta vare på artane, med deira genetiske variasjon og dei leveområda som organismane treng for å trivast og fylle sine økologiske funksjonar. Dette krev både vern av utvalde areal samt ei langsiktig forvaltning av naturverdiar som ikkje er verna ved lov. Det er uakseptabelt å oppheve eller endre vern av naturområde, slik at naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige samfunnsinteresser. Ein må også hindre innføring og spreiding av ikkje stadeigne artar og genmodifiserte organismar som kan vere eit trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Det må ikkje gjevast subsidiar som bidreg til øydelegging av verdifull natur. Omsynet til naturmangfaldet må sikrast/takast vare på i all arealplanlegging, og krava til konsekvensutgreiingar må stille minstekrav som sikrar dette.

Naturen må vere grundig kartlagt, og kunnskapen må oppdaterast kontinuerleg for å mogleggjere ei kunnskapsbasert forvaltning. Denne kunnskapen må omfatte naturen sine system og samspelet mellom desse samt samspelet mellom naturen sine system og menneska. Der kunnskap ikkje er tilstrekkeleg, må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep kan aldri forsvarast med mangel på kunnskap.

Naturvernforbundet meiner at:

- Det må etablerast økologisk representative nettverk av verneområde og utvalde naturtypar for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dette inneber mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område samt vidare utvikling av arbeidet med utvalde naturtypar. Områda må forvaltast aktivt, slik at naturmangfaldet blir teke vare på og sikra mot inngrep som kan gjere skade på naturen i området.
- Menneskelege inngrep og utbygging har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område i Noreg. Denne utviklinga må stoppast. Dei områda som er att, må bevarast og kartleggast for verneverdige naturverdiar.
- Det trengs omfattande tiltak for å sikre den unike vassdragsnaturen mot fleire inngrep. Verneplanen må utvidast og verna vassdrag må få sterkare vern. God økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag.
- Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig køyring må ikkje tillast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.
- Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til desse områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må vektleggast tungt. Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.
- Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira overleving også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og økosystema. Myndighetene må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn.
- Som ein stor hav-, fjord- og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i havet i reguleringa av våre marine næringar. Naturmangfaldslova må gjelde alle norske havområde.

3.2 Stopp dei farlege klimaendringane

Forbruk av fossilt brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i klimaet på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for resten av naturen. Livsgrunnlaget for mange menneske, og særleg for verdas fattigaste, blir øydelagt, og store delar av naturmangfaldet står i fare for å forsvinne.

For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den globale temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. Det betyr i praksis at alle klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.

Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi, og som byggjer opp att karbonlagera i naturen. Etersom det er dei rike landa som har det historiske ansvaret for klimakrisa, må dei derfor finansiere hovuddelen av omstillinga også i fattige land. Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større samfunnsendringar.

Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må skje på naturen sine premiss. Dette inneber at vi bruker naturen sine eigne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss klimaendringar. Intakt og robust natur verkar i seg sjølv som buffer og vern mot klimaendringar og er dermed avgjerande for samfunnet sitt møte med eit endra klima.

Naturvernforbundet meiner at:

- Noreg må fase ut eigne utslepp av klimagassar i tråd med sitt historiske ansvar. Som oppfølging av Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål for å redusere eigne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i fattige land.
- Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk, slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige reduksjonar i klimagassutsleppa.
- Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelege klimaendringar må styrkast. Naturen må forvaltast slik at økosystema blir mest mogleg robuste og i størst mogleg grad evnar å tilpasse seg eit klima i endring.
- Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og sikre klimatilpassing i fattige land. Internasjonal kvotehandling og andre internasjonale tiltak må sikre reelle utsleppskutt og samstundes ivareta menneske og natur, og må kome i tillegg til nasjonale utsleppsreduksjonar.

3.3 Berekraftig ressursbruk

Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna, som er grunnlaget for livet på jorda, og sikre denne også for framtidige generasjonar. Dette inneber at vi må vere varsame når ressursar blir henta ut av naturen, og at desse ressursane må gå inn i eit krinslaup og brukast om att, slik at vi held uttaket frå naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer å bryte ned – eller som kan verke skadeleg for menneske, dyr eller plantar – må hindrast. Plastsøppel i naturen er eit stort problem. Miljøgifter og plast må erstattast av stoff som ikkje gjer skade på naturen. Der slike stoff allereie er sleppt ut i naturen, må det ryddast opp av omsyn til naturmangfaldet, menneske si helse og naturen si evne til å gje rein luft, mat og vatn.

Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varer må innrettast slik at folk får dekka dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne framtidige generasjonar. Når vi forbruker varer produsert utanfor landet, må vi vurdere heile produksjonskjeda, slik at den samla miljøpåverknaden blir teken med i rekneskapen.

Naturvernforbundet meiner at:

- Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert når det gjeld både innanlandsk bruk og import av varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff. Skadeverknader av tidlegare utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
- Prisen på bruk av ressursar må reflektere dei reelle kostnadane ressursuttaket har for miljø og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at miljøpåverkar betaler, eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på ressursbruken.
- Bruken av plast må reduserast. Miljøvenlege alternativ må takast i bruk, og det må ryddast opp i plastforureininga til havs og til lands.

4 Miljøvern i praksis

4.1 Primærnæringane

Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å dekke menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, bevarer naturmangfaldet og ikkje svekker verda sine framtidige moglegheiter for å produsere mat. Det krev at menneska baserer kosthaldet sitt på matvarer med lågt energi- og ressursforbruk, og at haustinga av ressursar skjer på ein skånsam måte for naturen. Omsynet til at menneske verda over skal ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis vi produserer mat, og korleis ressursane blir fordelt. At det skal vere nok mat også for framtidige generasjonar, må ligge til grunn for i kva omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på land eller frå havet. Bruken av skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må haldast på eit minimum og på sikt fasast ut.

Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjonen i heile landet. Dette må til for å sikre mat til eiga befolkning og minske transportbehovet og for å ivareta busetnad, utmark og kulturlandskap med det tilhøyrande naturmangfaldet.

Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet og anna framtidig nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som blir henta ut, og måten det blir gjort på.

Naturvernforbundet meiner at:

- Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale må ikkje tillatast.
- Genmaterialet i levande organismar er ikkje eigeiendomen til nokon og må ikkje endrast på. Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller plantar.
- Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og gjennom importrestriksjonar.

- Fiskeoppdrett og kjøttproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som kan gå til menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av naturressursar.
- Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av energi, plantevernmidlar og kunstgjødsel og importert kraftfôr må vere så låg som mogleg.
- Dyrka og dyrkbar jord må haldast i hevd og bevarast for matproduksjon.
- Torvmyrer er viktige for naturmangfaldet og inneheld mykje karbon. Nydyrking av myr må ikkje vere lov, og torv må ikkje brukast i jordprodukt.
- Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer evig. Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og alle ledd i næringskjedene.
- Havet, kystområda og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal kontroll, og det må sikrast at fisken er eigd og forvalta av fellesskapet. Særleg må fiskeressursane kome kystsamfunna til gode, og urfolksrettar må ivaretakast.
- Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstillfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet.
- Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og karbonbinding. Skogbruket må i større grad drivast basert på utvalshogst. Hogst må berre skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar.
- Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som lokal varmemproduksjon og ulike industriføremål.

4.2 Energi

Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken, slik at fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi.

Naturvernforbundet meiner at:

- Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt. Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må stillast strenge krav til energibruk i bygningar. Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.

- Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut ved at det ikkje opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område. Barentshavet, havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må bli gitt ei særskilt og varig vern mot olje- og gassverksemd.
- Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringar.
- Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.
- Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg, og Halden-reaktoren må leggjast ned. Noreg må arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærområde.
- Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast inn mot å nå dei fattigaste, med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornybar energi.

4.3 Transport

All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører til uynskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store infrastrukturprosjekt, og særleg vegutbyggingar, legg til rette for auka trafikk og gjev store negative konsekvensar for natur, friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk fleire verkemiddel, slik at transportbehovet blir redusert, og at den naudsynte transporten blir gjort med låg miljøpåverknad.

Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande for å ikkje auke behovet for transport generelt og spesielt for å unngå å leggje til rette for meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar prioriterast og leggjast til rette for, slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg miljøpåverknad som mogleg.

Naturvernforbundet meiner at:

- Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg transportbehov, på ein måte som tar vare på grønne lunger, samstundes som det blir lagt til rette for syklende og gåande. Også i den overordna samfunnsplanlegginga,

anten det gjeld transport av varer eller plassering av viktige samfunnsfunksjonar, må målet vere å redusere transportbehovet.

- Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange avgangar og stor kapasitet. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt alternativ til lastebil.
- Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og vegutbyggingar som gjev meir trafikk og store arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan at dette aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si konkurransekraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at flyplasskapasiteten ikkje kan aukast, og trafikken må reduserast kraftig.
- Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt, støtte utvikling av ein mest mogleg miljøvenleg transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og redusert miljøpåverknad. Dette inneber både at forskning på betre teknologiar for private og kollektive løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse løysingane blir tatt i bruk. Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som reduserer energibehovet og elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren. Resterande energibehov må dekkast av fornybart drivstoff med lågt klima- og ressursfotavtrykk.
- For å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre må transport flyttast til dei minst miljøskadelege transportformene, og ny og betre teknologi må takast i bruk. Det betyr mellom anna at miljøavgiftene må vere høge på transport, både innan og over landegrensene.

4.4 Industri

Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen når det gjeld klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og lokale eller gjenvunne ressursar, og har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Myndigheitene må bidra til dette gjennom reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemd.

Naturvernforbundet meiner at:

- Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast, slik at verksemder får ansvar for og forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- Ny etablering av industri og bergverk må berre skje der det kan sikrast at dette ikkje fører til forureining eller andre verknader som skadar naturmangfaldet og tradisjonell bruk av området.

- Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning for miljøskadelege material og deira råstoff.
- Alle typar industri- og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål. Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjons-, bygge- eller anleggspåremål framfor bruk av nye råvarer og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.
- Der det er teknisk mogleg, skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det må òg vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på havbotnen må ikkje tillatast.
- Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslipp må takast i bruk for å redusere klimaforureining frå industrien.
- Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern, med rask responstid og beredskap også for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.

4.5 Forbruk, avfall og handel

Mange av varene vi forbruker, er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som varene vi bruker, må vere miljøvennlege og lette å attvinne. For å redusere miljøpåverknaden frå transport er det eit mål å produsere varer nær forbrukarane når ressursgrunnlaget tilseier det.

Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Derfor må avfallsmengda gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel. Det må leggest til rette for ombruk, i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og materiale. Der dette ikkje er mogleg, bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.

Naturvernforbundet meiner at:

- For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne.
- Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- Nye kjemikalier må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at det ikkje gjer alvorleg skade på levande organismar.
- Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming så vel til private hushald som til offentleg og privat verksemd.
- Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av miljøvennlege produkt og tenester.
- Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.